

Fra onsdag av har Misjonssambandet møteveke i Uskedalen

Øyvind Solheim, som reiser som forkynnar i kretsen her, kjem på besøk. Han er utdanna ved Fjellhaug Misjonshøgskule, har vore tilsett ved Kvitsund Gymnas og kretssekretær i Nord-Norge. Det er fyrste gong han kjem til bygda vår.

Under møtet onsdag får vi besøk frå Framnes Vidaregåande Skole i Norheimsund. Russen der har eit misjonsprosjekt i Etiopia som dei samlar pengar til. Maria Kjærland frå Uskedalen er russ ved skulen og har med seg fleire medstudentar. Dei vil ha ein stor del av programmet på møtet og orientera om prosjektet sitt. Kollekten denne kvelden går til dette arbeidet.

Møta er elles til vanleg tid og vert avslutta sundag føremiddag.

Velkommen frå bygdene!

Tormod Myklebust